

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **3. februar 2015** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Jakob Alstveit.

MØTESTAD:	Kårstørommet, Tysvær rådhus
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.15
MØTANDE MEDLEMMER:	Jakob Alstveit (Sp), Gunnar Egge (V), Randi I. Rittedal (Frp) og Tormod Førland (H)
FORFALL:	Laila R. Nemeth (A)
MØTANDE VARAMEDLEM	Trond Fludal (2. vara)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Roald Stakland, KPMG AS, Haugesund
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 11.11.14

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 11.11.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 03.02.15:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 03.02.15:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 11.11.14 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 03.02.15

1. e-info 15/1 – redusert oppbevaringstid for regnskapsmateriale
2. Om Deloitte's rapport om evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariatene
3. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – regnskap 2014
4. Teneste 1100 Kontroll og revisjon - budsjett 2015
5. Om skatteinntektene 2014 generelt og på landsbasis
6. Årsrapport og skatterekneskap 2014 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune
7. Sjukefraværstatistikk 4. kvartal 2014 og totalt for 2014
8. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2015
9. Statusrapport pr. februar 2015
10. NKRf si kontrollutvalgskonferanse 2015 - 04.-05.02.15 – ingen påmeldt

Handsaming i kontrollutvalet 03.02.15:

Utvalssekretær informerte. Utvalet kom med kommentarar til sjukefraværstatistikken. Leiar viste til ei forvaltningsrevisjonsrapport som Haugesund kontrollutval hadde fått laga. Sekretær sender den ut. Ho anbefalte å sjekke www.nkrf.no/nkrfs_kontrollutvalgskonferansen_2015.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 03.02.15:

Kontrollutvalet tar referatsakene 1-10 til orientering.

SAK 3/15 PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – «INTERNKONTROLL»

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Internkontroll i Tysvær kommune” i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå KPMG/ evt. med desse endringane:

Ramma vert sett til 200 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 03.02.15:

Utvalet slutta seg til planutkast og hadde von om at rapporten skulle komme til nytte for administrasjonen. Vidare var det ønskje om at rapporten blei utforma klårt og språkleg tilgjengeleg, slik som dei tidlegare rapportane og vert lagt fram for handsaming i september.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 03.02.15:

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Internkontroll i Tysvær kommune » i tråd med utkast til prosjektplan som ligg føre frå KPMG.

Ramma vert sett til 200 timar.

SAK 4/15 ÅRSMELDING FOR 2014 - KONTROLLUTVALET

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Tysvær godkjenner årsmelding for 2014.

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2014 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 03.02.15:

Utvalet hadde ingen merknader til utkast og slutta seg til innhaldet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 03.02.15:

Kontrollutvalet i Tysvær godkjenner årsmelding for 2014.

Samrøystes innstilling til kommunestyret 03.02.15:

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2014 frå kontrollutvalet til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker var meldt.

Neste møte: tysdag **19. mai** kl. 18.00. Uttale til rekneskap vil då bli lagt fram i formannskapsmøte 9. juni og til kommunestyret 16. juni. Randi Rettedal meldte forfall.

Aksdal, 3. februar 2015

Jakob Alstveit (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær